

# Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern

---

## 1. Samarbeidskommunar

Avtalen gjeld mellom Osterøy kommune som vertskommune og samarbeidskommunen Vaksdal og Modalen kommune.

## 2. Rettsleg grunnlag

Samarbeidet om barnevernteneste er eit administrativt vertskommunesamarbeid etter lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) § 20-2.

## 3. Namn og formål

Namn på felles barnevernteneste er Sørfjorden barnevern.

Målet med felles barnevernteneste er å yte heilskaplege og forsvarlege barneverntenester i eitsterkt kompetansemiljø.

## 4. Oppgåver

Vertskommunen skal utøve heilskaplege lovpålagte barneverntenester for samarbeidskommunane. Dette inkluderer akuttberedskap og naudsynt samarbeid med dei andre tenestene i kommunane.

Barneverntenesta skal organiserast slik at den kan drive fagleg forsvarleg.

## 5. Arbeidsgjevarforhold

Osterøy kommune har arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette og felles barnevernteneste inngår i Osterøy kommune sin driftsorganisasjon.

## 6. Rapportering

Vertskommunen skal løpande og så snart som mogleg rapportere om tiltak som kan ha store økonomiske konsekvensar for samarbeidskommunen. Rapportering til statsforvaltaren sendast i kopi til samarbeidskommunen.

Det skal opprettast eit samarbeidsråd med representasjon av barnevernleiar og kommunedirektørar ev. annan representant frå toppleiarnivået som kommunedirektøren bestemmer. Samarbeidsrådet skal ha møte minst to gonger i året.

Rutinar for budsjettering og rapportering vil bli handsama i samarbeidsrådet første driftsår.

## 7. Delegering av mynde

Kommunestyret i samarbeidskommunen delegerer vedtaksmynde i einskildsaker etter barnevernlova til barnevernleiar i Osterøy kommune. Kommunestyret i Vaksdal og Modalen gjer instruks til kommunedirektøren i eigen kommune om delegering av naudsynt mynde tilkommunedirektøren i vertskommunen, jf. kommunelova § 20-2, 2. ledd.

Godkjent:

Kommunestyret i Modalen dd.ddm.åå, Kommunestyret i Vaksdal: dd.mm.åå, Kommunestyret i Osterøydd.mm.åå

## 8. Økonomiske tilhøve

Driftskostnader skal bereknast etter sjølvkostprinsipp. Total kostnad for Osterøy, Vaksdal og Modalen er berekna til kr. 10 000 000,- pr. år. Beløpet er forankra i administrativt berekna kostnadsmodell og er basert på barnetal, 0 - 18 år, i samarbeidskommunane.

Etter første heile driftsår vert driftskostnader, ressursbruk og fordeling av faste kostnaderevaluert og administrativt justert.

I tillegg påløper kostnader i implementeringsfasen inkludert ikt-kostnadar som skal dekkast av samarbeidskommunane. Dette vert vurdert til eit fastbeløp på kr 100 000.- for kvar kommune.

Utgifter til individtiltak skal kostnadsførast kommunen vedkomande er heimehøyrande. Ved trong for advokattjenester ved fylkesnemndsaker og vert dette belasta kommunen vedkomande er heimehøyrande i.

Vaksdal og Modalen kommune blir fakturert for fast beløp ved a-kontobeløp og avrekning.

## 9. Lokalisering

Barneverntenesta vert lokalisert i Osterøy kommune. Barneverntenesta skal vere til stades lokaltetter tenestleg behov for barneverntenesten.

Vaksdal og Modalen kommune stiller kontorlokale til disposisjon til lokal bruk for barneverntenesta og for tverrfagleg samarbeid med andre relevante tenester i kommunane.

## Iverksetting, avtaleendring og oppseiing

Oppstart av samarbeidet mellom Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern er 1. juli 2022.

Prinsipielle endringar i avtalen skal vedtakast av kommunestyra. Mindre endringar i avtalen kan vedtakast av kommunedirektørane i samarbeidskommunane.

Samarbeidet vil kunne bli utvida med fleire kommunar. Dette krev kommunestyrevedtak av ny samarbeidsavtale.

Den einkilde kommune kan med eitt års varsel seie opp avtalen, jf kommunelova § 20-8.

Godkjent:

Kommunestyret i Modalen dd.ddm.åå, Kommunestyret i Vaksdal: dd.mm.åå, Kommunestyret i Osterøydd.mm.åå